

Protokoll frå styremøtet 15. mai 2025

Til stades: Ingrid Vad Nilsen, Heidi-Iren Wedlog Olsen, Erik Bolstad, Marianne Aasgaard, Sjur Nørstebø Moshagen. Margun Rauset, leiar av fagrådet for normering og språkobservasjon, deltok under sak 27/25

Frå sekretariatet: Åse Wetås (direktør) og Jo Inge Fisketjøn (stabssjef)

Møtestad: Teams

Møtetid: 12:00–15:00

Møteleiar: Vad Nilsen

Referent: Fisketjøn

Sakliste

Konstituering

S 16/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
S 17/25 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 13. februar

Informasjonssaker

S 18/25 Direktørens orientering
S 19/25 Frå fagråda
S 20/25 Høyningar
S 21/25 Mediesaker
S 22/25 Regnskap og økonomisk situasjon per 30. april
S 23/25 Spørsmål om endringar i tilsynsparagrafane i språklova
S 24/25 Økonomi- og verksemdsinstruks
S 25/25 Oppdrag om oppfølging av NOU (2023:20) Tegnspråk for livet

Vedtakssaker

S 26/25 Språkrådets innspel til målstruktur 2026
S 27/25 Saksgang og sakshandsamingsrutinar for normeringssaker
S 28/25 Program for studieturen i oktober

Drøftingssaker

S 29/25 Risikoanalyse for norsk språk
S 30/25 Eventuelt

Konstituering

S 16/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Innkalling og saklista til styremøtet 15. mai

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 17/25 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 13. februar 2025

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøtet 13. februar 2025 er godkjend.

Informasjonssaker

S 18/25 Direktørens orientering

Sakspapir: Ingen (munnleg orientering)

- Styreleiar orientere frå etatsstyringsmøtet 14.5.25. Styret får endeleg referat til informasjon.

Administrativt:

- Kommunikasjonssjef er tilsett og vil ta til i stillinga 1. juni.
- Ei engasjementstilling i eininga for innsikt og analyse er lyst ut. Eininga skal vere operativ frå og med fjerde kvartal 2025.
- Entra er godt i gang med å kartleggje arealbehova våre. Framlegg til skisser for moglege løysingar er venta før sommaren.
- Sjukefråværet var 5,7 % ved utgangen av april. Til samanlikning var det 7,2 % på same tid i fjor.

Fagleg:

- Direktøren gjorde greie for eit representantforslag i Stortinget om endringar i språklova.
- Språkrådet skal i samarbeid med KS arrangere ein konferanse til hausten med tittelen «Kva skjedde med læreboka?». Utdanningsdirektoratet er òg inviterte inn som medarrangør.
- Førebels tal frå tilsynet med språkvekslinga for 2024 er sende ut til verksemdene. Tala viser ei positiv utvikling i delen verksemdar som oppfyller krava til

språkveksling på nett og i sosiale medium.

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 19/25 Nytt frå fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretærane

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 20/25 Høyringar

Sakspapir: Notat med oversikt over høyringssvar frå Språkrådet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 21/25 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonsavdelinga

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 22/25 Regnskap og økonomisk situasjon per 30. april 2025

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 30. april 2025

Styret drøfta rekneskapsrapporten per 30. april og merka seg at verksemda har eit mindreforbruk. Styret understreka at det er viktig å sikre god måloppnåing gjennom optimal bruk av tilgjengelege ressursar, og peika på behovet for å vurdere styrkt bemanning og auka aktivitet på prioriterte område.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til orientering.

S 23/25 Spørsmål om endringar i tilsynsparagrafane i språklova

Sakspapir: Notat frå direktøren

Styret drøfta utfordringane knytte til rettleiing og tilsyn med §§ 13 og 14 i språklova, slik desse er skildra i notatet Kultur- og likestillingsdepartementet fekk frå Språkrådet i etatsstyringsmøtet 27. november 2024. Styret tok til orientering at departementet førebels ikkje vil prioritere lovrevisjon, og meinte at Språkrådet bør arbeide for at dei aktuelle problemstillingane vert tekne inn i rettleiaren for språkleg sektoransvar som departementet no utarbeider.

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 24/25 Revidert instruks om økonomi- og virksomhetsstyring

Sakspapir: Notat frå direktøren og revidert instruks frå Kultur- og likestillingsdepartementet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 25/25 Oppdrag om oppfølging av NOU (2023:20) Tegnspråk for livet

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

Vedtakssaker

S 26/25 Innspel til Språkrådets målstruktur for 2026

Sakspapir: Notat frå direktøren, tildelingsbrev og målstruktur 2025

Styret drøfta forslag til innspel til Kultur- og likestillingsdepartementet om målstruktur for kommande budsjettår. Språkrådet er i hovudsak nøgd med dagens målstruktur og ønskjer berre mindre justeringar. Det vert særleg peika på ønskje om ei justering i den overordna strukturen, der hovudmålet i større grad speglar målet om å fremje norsk språk på alle samfunnsområde, medan delmål 1 rettar seg mot styrking av norsk på utsette område.

Vedtak: Styret bed direktøren oversende Språkrådets innspel til målstruktur 2026 til Kultur- og likestillingsdepartementet innan fristen.

S 27/25 Saksgang og sakshandsamingsrutinar for normeringssaker

Sakspapir: Notat frå direktøren, Språkrådets retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk (nynorskversjonen), notat frå fagrådet for normering og språkobservasjon 22.04.25, S 9/25 Saksgangen i normeringssaker, referat frå møtet i fagrådet for normering og språkobservasjon 14.10.24

Vedtak:

1. Styret gjer vedtak om desse endringane i Språkrådets retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk:

Kapittel	Noverande tekst	Ny tekst (endring i feit skrift)
----------	-----------------	----------------------------------

13.3	Høyringsfråsegnene blir handsama i seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving i Språkrådet. Om seksjonen finn at det er grunn til store endringar i framlegget på bakgrunn av fråsegnene, går saka til ny handsaming i fagrådet. Fagrådet blir i alle tilfelle orientert om eventuelle justeringar etter høyringa, før framlegget går til handsaming i styret.	Høyringsfråsegnene blir handsama i Språkrådet. Om det er grunn til større endringar i framlegget på bakgrunn av fråsegnene, går saka til ny handsaming i fagrådet. Fagrådet blir i alle tilfelle orientert om eventuelle justeringar etter høyringa, før framlegget går til handsaming i styret.
Fleire stader	seksjon	avdeling
Fleire stader	vedtektene	vise til instruks om økonomi- og verksemdsstyring

(Tilsvarande endringar blir gjorde i bokmålsversjonen.)

2. Fagrådet legg årleg fram ein plan for arbeidet med normering av bokmål og nynorsk til drøfting i styret.
3. Språkrådet legg fram referat frå fagrådsmøte med normeringsvedtak for styret som informasjonssak før høyring.
4. Fagrådet kan drøfta eller uttala seg om saker etter høyringa og før endeleg vedtakssak i styret etter innstilling frå direktøren.
5. Leiaren i fagrådet kan delta under styrebehandlinga med vedtak i rettskrivingssaker.

S 28/25 Program for studieturen i oktober

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret ber direktøren gå vidare med planane og gjere avtalar.

Drøftingssaker

S 29/25 Risikoanalyse norsk språkpolitikk

Sakspapir: Notat frå direktøren

Styret drøfta notatet og vurderinga av dei ulike risikoane i risikomatrisa, og gav innspel til justeringar. Styret peika på at det er viktig å kommunisere desse vurderingane, og meinte at dette med fordel kan løftast fram i årsrapporten for 2025, til dømes under omtalen av framtidsutsikter i del 5.

Vedtak: Språkrådet utviklar dokumentet vidare i tråd med føringane til styret.

S 30/25 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 15. mai 2025 er godkjend 16. oktober 2025.